

# Styremøte i Sotra Volleyballklubb



**Tid:** Torsdag, 22.02.2024, kl. 19:00-20:00

**Stad:** Klasserommet i Bildøyhallen

**Til stedet:** Mikael Tangen, Cathrine Hartwig, Renate Turøy, Vegard Asphaug Mortensen, Maya Slobodaniuk

**Ikke til stedet:** Jens Knabben, Nils Magne Vardøy,

---

## Saker:

1/2 Innkalling

2/2 Saksliste

3/2 Orienteringar frå styremøtet 22. januar 2024

4/2 Orienteringar

a) Møte mellom ordførar Tom Georg Indrevik, varaordførar Anita Garlid Johannessen og Mikael Tangen

b) Budsjettet 2024

c) Tilsynsvakt i Bildøyhallen

5/2 Økonomisk støtte til NM JU17

6/2 Trenarmangelen

7/2 Politiattest

8/2 Trenarkurs

## **9/2 Ymse**

### **Orientering om sakene:**

## **1/2 Innkalling**

Forslag til vedtak: Innkallinga vert godkjend.

Vedtak: Innkallinga vart godkjend.

## **2/2 Sakliste**

Forslag til vedtak: Saklista vert godkjend.

Vedtak: Saklista vart godkjend.

## **3/2 Orienteringar frå styremøtet 22. januar 2024**

Styremøtet kunne ikkje vedta saker avdi så få styremedlemmer møtte.

Sakene kan verta drøfta på årsmøtet eller av nytt styre.

## **4/2 Orienteringar**

### **a) Møte mellom ordførar Tom Georg Indrevik, varaordførar Anita Garlid Johannessen og Mikael Tangen**

Sjå eige referat etter møtet.

I møtet vart desse punkta drøfta:

- Utilfredsstillande treningstider
- For spredte treningslokale
- For lite treningstid i Sotra Arena

**b) Budsjettet 2024**

Budsjettet for 2024 tek utgangspunkt i at klubben har eit førstedivisjonslag. Dersom ikkje, må det endrast. Andre oppgåver for drifta i klubben bør då prioriterast. Nytt styre bør få i oppgåve å føreta denne prioriteringa.

**c) Tilsynsvakt i Bildøyhallen**

Tilsynsavtalen mellom Øygarden kommune, Sotra Badminton Club og Sotra Volleyballklubb vert vidareført i sesongen 2024-2025.

**5/2 Økonomisk støtte til NM JU17**

NM skal gjennomførast i Haugesund 12.-14. april 2024.

Forslag til vedtak: Sotra Volleyballklubb støttar lag som deltar i NM.

Felles utgifter er:

Overnatting	kr. 30000
Påmelding/dommar	kr. 8500
<u>Transport</u>	<u>kr. 3000</u>
Sum	kr. 41500

Vedtak: Sotra Volleyballklubb støttar laget JU17 med kr. 41500,- for deltaking i NM. Alle kvitteringar vert sendt til kasserar.

**6/2 Trenarmangelen**

Etter 01.01.2024 har tre trenarar slutta.

Desse bør erstattast om ikkje rekruttering og treningstilbod må reduserast.

Magne Mikael Tangen tek ansvar for U13-laga så lenge det er behov for det sesongen 2023-2024.

Markus Borge tek ansvar for GU19-spelarane resten av sesongen 2023-2024.

## **7/2 Politiattest**

Trenar for spelarar under 18 år må ha politiattest.

Gjeldande trenarar har no søkt om politiattest.

## **8/2 Trenarkurs**

Oppfordrar medlemmar til å ta trenarkurs.

Trenarar som ikkje har trenarkurs får tilsendt datoar for kursing.

## **9/2 Ymse**

Val

Valnemnda har starta arbeidet med å finna kandidatar til styret og kontrollutval.

Referent

Cathrine Hartwig